



3 av dei 8 elevane og 2 av dei 4 lærarane som er med på Comeniusprosjektet. Elevane er Johannes Guddal, Katrine Yri Røssland og Anne L. Våge. Lærarane er Stephen Rowe og Matthias Zimmermann. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Dei fire niandeklassingane Marit Inga Traavik Sture, Birte Nybakk, Katrine Yri Røssland og Øystein Haugland frå Uskedalen reiser 18.oktober på eit vekesopphald og opphald hos vertsfamiliar i den bayerske byen Eichstätt**

Dei er med i det spanande skulesamarbeidsprosjektet som heiter Comenius og som er retta mot barnehagar, skular og høgskuleverket.

Programmet, som er kalla oppatt etter ein tsjekkisk utdanningsentusiast som levde i middelalderen, er eitt av fire sektorprogram innanfor EUs program for livslang læring.

- Dette er tredje gongen Rosendal ungdomskule er med på Comenius, fortel lærarane Matthias Zimmermann, Stephen Rowe, Anita Gåssand og Terese Omvik. I det første prosjekt et frå 2001 til 2004 kom samarbeidsskulane frå Kypros, Tyskland og Spania og i prosjekt nummer 2 frå 2006 til 2008 var Hellas og Tyrkia representert.

- Dei heldt fred, men visse samarbeidsproblem var det, minnst lærarane. I tillegg til Tyskland er Austerrike no med på laget, nærare bestemt byen Ilmitz tett på den ungarske grensen sør for Wien. Cádiz i Spania står på venteliste men kjem trulig ikke med. Det vart søkt om deltaking frå 8 land, men søknaden vart kapp drastisk ned på det nasjonale plan.

Felles for Rosendal, Eichstätt og Ilmitz er at dei ligg enten i eller tett på nasjonalparkar.

Hovudoppgåva blir å sjå nærere på og samanlikna fordelar og ulemper . Her er styrings-systemer og finansiering sentrale stikkord. Det gjeld ikkje minst det siste og vi konstaterar at det er Staten som pungar ut i til dømes Tyskland og England, påpeikar lærarane.

Til byen i Austerrike reiser delegasjonen frå Rosendal først neste haust og partnerbyane i Tyskland og Austerrike kjem hit med sine grupper i april/mai 2012. Truleg vil det bli laga ein fellesbrosjyre på tysk, engelsk og norsk om dei tre aktuelle nasjonalparkane og her vil elevane bidra med fotografi og måleri.

Av dei 59 niandeklassingane i Rosendal var det berre 17-18 som søkte om å få bli med på prosjektet og det var difor ingen spesielle problem med å plukka ut dei 8 aktuelle.

Frå Rosendal kjem Anne L. Våge, Silje Øyre, Ingeborg Skarsfjord og Johannes Guddal.  
-Vi gler oss til turen til Tyskland. Det er til dømes godt å veta at vi er populære, for det meldte seg 30 vertsfamiliar, fortel lærarane.

Av Ola Matti Mathisen